

KSK/Held

201001824-11

KSK/BTH

312

201208238-12

200803356-22

200905065-13



Fylkesmannen i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Seniorrådgivar Leif Magnus Sættem, 71 25 84 32

Vår dato

17.03.2016

Dykkar dato

06.01.2016

Vår ref.

2015/4058/LESA/561

Dykkar ref.

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua

0301 OSLO

Stranda kommune

Fråsegn til søknader om å bygge 4 småkraftverk, Storfossen-, Langedalselva-, Hauge- og Røyarhus kraftverk

Vi viser til brev 06.01.2016 om å kome med fråsegn innan 05.04.2016 til fire søknader om småkraftverk i Stranda kommune.

Etter ei samla vurdering har Fylkesmannen i Møre og Romsdal følgjande konklusjon:

Fylkesmannen fremjar motsegn i medhald av vassressurslova § 24 til utbygging av Storfossen kraftverk i Geiranger og Langedalselva kraftverk ved Hellesylt.

- *Motsegna* til Storfossen kraftverk er tufta på kvalitetane knytt til fosselandskapet med sin naturtype fossesprøytsone samt at nedre del av vassdraget er lokalitet for anadrome fiskebestander.
- *Motsegna* til Langelandselva kraftverk er tufta på dei samla effektane av at det allereie er bygd kraftverk i dette vassdraget. Omsøkte tiltak vil gripe kraftig inn og redusere kjende verdfulle biotopar som etter tidlegare reguleringar allereie er reduserte.

Fylkesmannen vil rå i frå bygging av Hauge kraftverk etter dei planar som ligg føre.

Vi kjem med framlegg om å endre inngrepa for å ta vare på landskapskvalitetar og INON-område. Dette inneber å flytte vassinntaket lenger ned og samstundes ikkje å ta inn Sætrebekken. Vi gjev óg framlegg om ikkje å demme opp Haugedalsvatnet.

Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av Røyarhus kraftverk.

Vi viser til vedlagte notat 17.03.2016.

Med helsing

Rigmor Brøste (e.f.)
ass. fylkesmann

Jon Ivar Eikeland
fung. miljøverndirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Vedlegg: Notat

Kopi:


Miljødirektoratet	Postboks 5672 Sluppen	7485	TRONDHEIM
Stranda kommune	Øyna 13	6200	STRANDA

Fylkesmannen i Møre og Romsdal - NOTAT 17.03.2016

Fråsegn til søknader om å bygge 4 småkraftverk i Stranda kommune, Storfossen-, Langedalselva-, Hauge- og Røyrhus kraftverk

1. Generelt

Vi viser til brev 06.01.2016 om å kome med fråsegn innan 05.04.2016 til fire søknader om småkraftverk i Stranda kommune. Geografisk lokalisering av omsøkte kraftverk og andre liknande anlegg i området er gjeve i figur 1.



Figur 1. Omsøkte kraftverk (blå ellipsering) i føreliggjande sak sett i forhold til andre liknande saker i Stranda kommunane. Oversiktskartet er henta frå NVE si heimeside.

2. Dokumentasjon i prosjekta

Naturfagleg dokumentasjon

Den naturfaglege dokumentasjonen knytt til terrestre kvalitetar er etter Fylkesmannen si vurdering stort sett tilfredstillande sett i lys av krav til kunnskapsgrunnlag, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Nokre prosjekt burde ha hatt betre fokusering på m.a. mose som kan vere avhengige av fuktig miljø ved naturleg vassføring. Likeeins saknar vi betre utgreiing akvatiske kvalitetar omkring vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for uttale om denne delen av det biologiske mangfaldet og ikkje, som i dei fleste høve, prognose på kva som truleg er tilfelle med omsyn til denne typen artar i vassdragsøkosystemet.

Søknaden i Langedalselva legg ikkje stor vekt på § 10 i naturmangfaldlova om økosystemtilnærming og den samla verknad i vassdraget av utbygde og no nye omsøkte anlegg. Ei samla vurdering av fleire kraftverk i eit område er i samsvar med nye rutinar for handsaming av søknadar om nye konsesjonar, NVE 21.03.2012. Fylkesmannen ser dette som viktig og avgjerande i å kunne vurdere nye anlegg opp i mot kva som allereie ligg føre av inngrep.

Denne utfordringa er mellom anna omtala i Riksrevisjonen sin undersøking omkring effektivitet i konsesjonshandsaming av fornybar energi. Manglande avklaring om samla belastning er i følgje Riksrevisjonen ei utfordring etter både EU sitt direktiv om konsekvensutgreiingar og etter naturmangfaldlova.

Utan konkrete granskingar tek mangfaldsrapportane på seg ansvaret i å omtale potensialet for raudlista og andre sjeldne artar. Mange av dei ferskvassøkologiske granskingane er sårbare og mangelfulle på dette punkt. Kan hende skuldast det at dei økonomiske føresetnadene ikkje er til stades for å gjennomføre fullverdige granskingar. Spesielt gjeld dette omsynet til virvellause akvatiske dyr. Klassisk og generell økologisk kunnskap tilseier at mangfaldet av liv i den typen ferskvasslokalitetar det her er snakk om, i alt vesentleg er insekter som t.d. artar av stein-, døgn- og vårfluer samt ein rekkje artar av fjørmygg. Å skulle vurdere til fulle biologiske og økologiske effektar av nye kraftverk som følgje av reduserte vassmengder og ulike driftsregimer, let seg ikkje gjere utan kunnskap om desse gruppene. Rett nok nemnes det at data om dette manglar. Trass i desse manglane formulerer likevel mangfaldsrapporten konklusjonar på kva effektar reguleringa vil ha for dei nye livstilhøva i vassdraget. Vi hadde her sett for oss meir varsemnd og ei føre-vår haldning i å omtale det ukjende.

Dei ferskvassøkologiske konsekvensane av reguleringar er som regel vurdert ut frå tilhøva for fisk og då spesielt anadrome fiskearter som laks og sjøaure. Stranda-pakka gjeld i alt vesentleg elve- og vassdragsavsnitt oppstraums lakseførande strekning med bestander av stasjonær aure. Geirangerelva har anadrome fiskeartar og planane for Storfossen kraftverk gjeld elva like oppstraums lakseførande strekning.

Vassforskrifta

I Vann-nett er alle ført opp som vassdragsforekomstar med god økologisk tilstand (GØT). Utbygging til kraftformål vil påverke dei økologiske tilhøva. Vi føreset at NVE vil vurdere dette opp i mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

3. Eksisterande kraftverk i Langedalsvassdraget

I løpet av dei siste åra er det gjeve konsesjon til to småkraftverk i Langedalsvassdraget og begge er utbygde. Oppstraums omsøkte Langedalselva kraftverk ligg Litlebø kraftverk bygd av Tryggestad kraft. Kraftverket nyttar vatn frå Langedalselva og Nebbedalselva. Kraftstasjonen til Tryggestad kraft er lokalisert 1 km oppstraums omsøkte inntaksplassering til Langedalselva kraftverk. Nedstraums tiltaket ligg Ringdal kraftverk som nyttar vatn i sideelva frå Sunnylvsmoldskreddalen. Kraftstasjonen til Ringdal kraft har utløp i Langedalselva 1,4 km nedstraums planlagde kraftstasjonsplassering.

Høgare opp i Langedalsvassdraget vert det no økt om konsesjon til Røyarhus Kraftverk i nedre del av Røyarhuselva ned mot Langedalselva. Med dette kan bli inntil fem småkraftverk

i Langedalsvassdraget; Røyarhus kraftverk (omsøkt), Litlebø Kraftverk (i drift), Nebbelva (i drift, same kraftstasjon som Litlebø), Langedalselva kraftverk (omsøkt) og Ringdal Kraftverk (i drift).

Stranda kommune sin plan for vassdrag har klassifisert Røyarhuselva til 5 stjerner. Denne klassifiseringa er knytt til området ovanfor aktuelle tiltak knytt til Røyarhuselva.

4. Vår vurdering av prosjekta

4.1 Prosjekt med motsegn

- Storfossen kraftverk

Kort om søknaden

Stranda Energi ønsker å bygge Storfossen minikraftverk med eit fall på 60 m, inntak kote 68 og kraftstasjon kote 8, i Geirangerelva. Vassvegen på 225 m vil stor sett vere nedgraven. Eksisterande kraftstasjonsbygg frå 1928 vil bli nytta. Det er planlagt ein ny permanent veg til inntaket. Middelvassføringa er 4180 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 1800 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 0,875 MW og etter planane gje ein produksjon på 5,6 GWh/år. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 1800 l/s i sumarsesongen og 250 l/s om vinteren.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 24.09.2015. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-4.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Registrering av mose i 2014 og 2015 viste at mosefloraen er artsrik med over 50 registrerte artar langs elva. Blant desse er det både fuktighetskrevjande og tørketolerante artar. Ein av desse, hårkurlemose, er oppført på den norske raudlista som sårbar. Denne arten er knytt til fuktige miljø. Det fins også ein gamal registrering av stiftskjærgårdslav (NT). Staden er ikkje kartfesta, og det er usikkert om arten blei påvist langs fossen på aktuelle strekning.

Prosjektområdet inneheld fossesprøytzone som i dag er ein viktig naturtype under stort press, spesielt på grunn av kraftutbygging. Reduksjon i vassføring og bygging av røyrkata er negative inngrep i naturmiljøet og vil redusere det biologiske mangfaldet og naturtypen fossesprøytzone.

Det er gjennomført ein omfattende inventering av mose langs Storfossen og det er lite truleg at det førekjem flere raudlista mose og lav, sjølv om det blir peika på at dette ikkje kan utelukkast. Det er ellers ikkje registrert andre truga vegetasjonstypar eller verdfulle og/eller raudlista naturtypar i området som fysisk blir påverka av tiltaket.

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med etablerte eller planlagte naturvernområde eller landskapsvernområdet Geiranger- Herdalen.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 1-4 teke frå «fossevandringsvegen» nær Geirangerelva 24.09.2015.

Foto 1) motstraums i området for demning og vassinntak, 2) motstraums mot foss på omsøkt regulert strekning, 3) motstraums på omsøkt strekning og 4) medstraums mot lokalitet for kraftstasjon, den gamle stasjonen ligg elvesvingen.

Landskap/friluftsliv

Geiranger og Geirangerfjorden er av dei mest kjende fjordlandskap i Norge ved sidan av delar av Sognefjorden, og svært mye besøkt av turistar. 14. juli 2005 kom Geirangerfjorden på UNESCO's liste over verden si natur- og kulturarv. Geiranger sentrum og aktuelle prosjektområdet blei inkludert. Elva er eit særmerkt landskapselement, godt synleg både frå fjorden (foto 5) og Ørnefjellsvegen.

Geirangerelva, med sin sentrale beliggenhet ved Geiranger sentrum, er ein attraksjon i seg sjølv. I 2014 blei det åpna ein sti/trapp på vestsida av elva. Den legg til rette for såkalla «fossevandring» der ein kan oppleve Storfossen på nært hald. Stien ligg godt i terrenget langs elva og går mellom Norsk Fjordsenter og Geiranger sentrum. Det er laga fleire plattformer nær fossen som populære utkikks- og fotopunkt. Stien er óg mykje brukt av fastbuande.

Fisk og vassdragsøkologi

Det er ikkje registrert verdfulle ferskvassslokalitetar i henhald til DN-håndbok 15. Geirangerelva er anadrom til ca. 30 m nedstraums gamal kraftstasjon. Elva har liten produksjon av laks. Vassføringa er forholdsvis høg heile sommaren, selv i tørre periodar, på grunn av smeltevatn frå høyfjellsområda. Oppstrøms lakseførande strekning lever aure. Det er ikke kjennskap til at det er registrert elvemusling eller ål i Geirangerelva.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 5 synfaringsdagen 24.09.2015

Geiranger og Geirangerelva med Storfossen midt i mot lett synleg frå ferga over fjorden. Høgtliggande nedslagsfeltet med stor avrenning utover sumarhalvåret er viktig for landskaps- og fosseoppleving for dei mange tilreisande.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med handsaming av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Tiltaket vil ikkje endre status for inngrepsfrie områder, INON.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt handsaming etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi finn å måtte reise motsegn til planane for bygging av Storfossen kraftverk i Geiranger. Motsegna er tufta på omsynet til Geirangerelva og fosselandskapet sin eineståande verdi for dei landskapsmessige kvalitetane i området. Strekninga for tiltaket inneheld naturtypen fossesprøytzone samt at nedre del av vassdraget er lokalitet for anadrome fiskebestander.

- Langedalselva kraftverk

Kort om søknaden

Stranda Energi AS ynskjer å nytte eit fall på 53 m, inntak 189 moh og kraftstasjon 136 moh, i Langedalselva. Det er òg presentert eit alternativ med inntak 184 moh. Vassvegen vil bli

1050 m lang og i hovudsak vera tunnel med unntak av den siste strekningen med nedgravd røyrgate inn mot kraftstasjonen. Middelvassføringa i Langedalselva er på 8,54 m³/s og kraftverket er planlagt med ei slukeevne på 12,8 m³/s. Toskedalselva er tenkt overført frå inntak 195 moh og nedgraven røyrgate på 100 m. Middelvassføringa i Toskedalselva er 0,66 m³/s, og slukeevna planlagt til å vera 1,3 m³/s.

Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 1110 m i Langedalselva og 85 m i Toskedalselva. Det er planlagt minstevassføring på 2,36 m³/s om sommaren og 0,49 m³/s om vinteren i Langedalselva. Dette tilsvarar 5-persentilverdi. Det er ikkje planlagt minstevassføring i Toskedalselva der 5-persentilen er på 140 l/s om sommaren og 23 l/s om vinteren.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 24.09.2015. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 6-9.

Foto Leif Magnus Sættem




Foto 6-9 synfaringsdagen 24.09.2015.

Foto 6) tatt motstraums ved staden for planlagt vassinntak, 7) tatt medstraums frå bru like nedanfor vassinntaket, 8 og 9) (motstraums) elveavsnitt på planlagt regulert strekning.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Kunnskap om biologisk mangfald burde ha vore betre utdjupa. Vi kan ikkje sjå bort i frå det kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Vi peikar her

på store areal med bergveggar vanskeleg tilgjengeleg og som har potensiale for sjeldne, fuktkrevjande mose og lav. Vi saknar såleis ei betre fokusering på vegetasjonen langs og i vassdraget, fyrst og fremst vekstar avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring. Vidare er dei konkrete verknadene av ei regulering mot fossefall, som karakterart i området, lite utdjupa.

I tiltaksområdet går Langedalselva i bekkekløft/juv. Juvet har på ein skilde strekningar 20 meter høgde og 30 meter breidde. Bekkekløfta har i tidlegare feltarbeid fått verdi B Viktig (Grimstad og Holtan, 2001 og 2009). Same vurdering gjev Bøthun og Vatne (2012). Bakgrunnen for dette er ei lengre samanhengande og urøyrd juv/bekkekløft der ein kan forvente sjeldne, fuktkrevjande artar. Hard hogst rundt bekkekløfta gjer at det berre er påvist alminnelege artar i floraen. I samband med registrering av biologisk mangfald er det registrert fire raudlista artar derav ein er fuktkrevjande lav (gubbeskjegg, NT).

Langedalselva utgjer eit kjerneområde for fossefall på Sunnmøre. Det er i tillegg observert hekkande vintererle. To reirlokaltetar for fossefall ligg innanfor strekning det no er søkt om å regulere og ein reirlokaltet ligg i kort avstand nedstraums planlagt kraftstasjon. Topografien gjer at dette vassdragsavsnittet er mykje nytta under myting, ein periode av året då fuglane er sårbare.

Før kraftutbygging i Langedalsvassdraget tok til var det registrert 24 lokalitetar for hekkande fossefall, den største observerte førekomsten av fossefall på Sunnmøre. 8 av desse vart påverka med bygging av Litlebø og Ringdal Kraftverk, like oppstraums og nedstraums aktuelle sak. Langedalselva kraftverk vil røre ved tre nye slik at totalt 11 av 24 kjende hekkelokalitetar vart påverka. Bygging av kraftverk i Langedalselva vil gje ein vesentleg endring av vassføringa i elva. Likevel er det, etter det ein kjenner til, ikkje gjort konkrete granskningar av konsekvensane av utbyggingane på bestanden av fossefall i Langedalsvassdraget.

Norsk Ornitologisk Foreining er vel kjent med tilhøva i Langedalselva og har tidlegare kome med framlegg om at vassdraget kan bli eit nasjonalt referansevassdrag for arten.

I tillegg til vasstilknytt fugl er Langedalsvassdraget verdfull for fugleartar i variert skog. Dette kjem m.a. til uttykk ved kjende reirplassar av hønsehauk (NT) og hubro (EN). Desse ligg rett nok utanfor tiltaksområdet, men so nær at regulert område vil vere ein viktig del av jaktområdet i dag. Skogen på sørsida er eit viktig for spettar. Kvitryggspett og dvergspett er observert. Langedalselva er fiskeplass for oter (VU) og ein vandringsveg frå Sunnylvsvfjorden nordover gjennom Norangsdalen til Hjørundfjorden og vestover til Hornindalsvatnet.

Landskap/friluftsliv

Området det her er snakk ligg bratt på kvar side av Langedalselva og er i store delar vanskeleg tilgjengeleg. Vi er ikkje kjend med friluftaktivitet i terrenget ut over jakt og fiske.

Fisk og vassdragsøkologi

Omsøkte planar gjeld oppstraums anadrom strekning. Langedalselva har ein god bestand av stasjonære aure. Lågare vassføring etter regulering vil redusere livstilhøva for fisk. Fiskebestanden er ikkje granska forut for søknaden om kraftregulering.

Heller ikkje kan søknaden vise til dei konkrete tilhøva i samfunnet av virvellause dyr i elva. Det er generell klassisk kunnskap at det biologiske mangfaldet i alt vesentleg er styrt av

døgn-, stein-, vårfluger og fjørmygg. Alle desse er viktige faunaelement som kan representere sjeldne og i nokre tilfelle raudlista arter. Rapporten skildrar ingen enkelt artar, men går ut i frå at produksjon av desse i sum er stor og ein del av føresetnaden som ligg til grunn for den rike bestanden av fossefall.

Det er ikkje påvist ål eller elvemusling. Ut frå den relativt korte avstanden til fjord trur vi likevel det ikkje er usannsynleg at ål kan førekome i vassdraget. Ei biologisk gransking vil kunne gjere greie for dei ferskvassøkologiske tilhøva i elva.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med handsaming etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Omsøkte kraftverk får ingen konsekvensar for INON-område.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt handsaming etter forureiningslova.

Konklusjon

Vi finn å måtte reise motsegn til planane for bygging av Langedalselva kraftverk. Motsegna er tufta på dei samla effektane av kraftutbygging i dette vassdraget som i sum no vil gripe svært kraftig inn og redusere kjende verdfulle biotopar som ved tidlegare reguleringar allereie er reduserte.

4.2 Prosjekt med framlegg om endring

- Hauge kraftverk

Kort om søknaden

Stranda Energi AS ynskjer å nytte eit fall på 535 m, inntak kote 700 og kraftstasjon kote 165, i Haugedalselva for bygging av Hauge kraftverk. Haugedalsvatnet er planlagt regulert mellom HRV kote 889,5 og LRV kote 887,3. Vassvegen på om lag 1850 m er planlagt nedgraven/nedsprengd på heile strekninga. Sætrebekken vest for Haugestølen er tenkt overført til Haugedalselva. Middelvassføringa er 450 l/s og kraftverket er planlagt med ei maksimal slukevne på 900 l/s. Kraftverket vil ha ein installert effekt på ca. 3,9 MW og etter planane gje ein produksjon på 15,5 GWh/år. Det er planlagt slepp av minstevassføring på 50 l/s i sumarsesongen og 25 l/s om vinteren.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 26.10.2015. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 10-17.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som godt, men ein kan likevel ikkje sjå bort frå at det til dømes kan vere raudlisteartar i utbyggingsområdet som førebels ikkje er registrerte. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulenten eit relevant utgangspunkt for konsekvensvurderingane.

Foto Leif Magnus Sættem



Foto 10-17 synfaringsdagen 26.10.2015.

Foto 10) Haugedalselva motstaums mot Haugedalvatnet bak den snøkledd åskammen i det fjern, 11) deler av Haugestølen med rutevegvisar for turvandring, Sætrebekken fjernt i bakgrunnen, 12) Haugedalselva nedstraums Haugestølen like ovanfor der juvet tek til, 13) medstraums i øvste del av juvet, 14) utsyn mot dalbotn der Haugelva etter kvart renn inn i Bygdaelva, 15) motstraums i midtre del av regulert strekning, 16) motstraums frå bru over elva i området for kraftstasjon og 17) samløpet Haugeelva med Bygdaelva.

Hele området er lett tilgjengelig for undersøkning av mose og lav. Det meste av interesse er truleg kartlagt. Potensialet er lite for funn av sjeldne og krevjande artar. Bortsett frå alm (VU) ved stasjonsområdet er det ikkje registrert raudlista artar av planter, kryptogammer eller sopp i nærleiken. Mangfaldsrapporten nemner at det likevel kan finnes raudlista fugl i influensområdet. Det finnes litt rype (NT) i fjellet, og kan hende andre røddlista fuglearter i området uten at det er dokumentert.

Tilsvarande er sopffunga beskrevet som sparsom. Lite dau ved og fravær av varmekjære treslag. Registreringane viste vidt utbredte artar.

Av fugl finnes vanleg utbredte artar i tillegg til fossefall. I Fylkesmannens vilt database er det registreringar av hekkelokalitet for kongeørn nokre kilometer frå utbyggingsområdet. Det er også observert andre rovfuglar i nærområda.

Landskap/friluftsliv

Haugedalselva og Haugedalsvatnet har kvaliteter som verdfulle landskapselement. Frå Haugastølsområdet og husa der er det ein praktfull utsikt over lier og fjell som kransar dalrommet. Dette landskapet er av stor verdi som friluftsområde. Teikn på verdsetting og kjentgjerjing av desse kvalitetane finn ein heilt nede frå Haugedalselva sitt samløp med Bygdaelva. Fleire stader oppetter skogslia og ut på vollen ved Haugastølen visar sti- og vandringspilar turvegen.

Fisk og vassdragsøkologi

Det fins ikkje anadrome fiskeartar knytt til aktuelle område. Haugedalselva inneheld småfallen aure vanleg for slike lokalitetar. Etter dei opplysningar som ligg føre er det fiske lite i elva. Haugedalsvatnet er kultivert dei siste åra. Vatnet er kaldt og næringsfattig med låg produksjonen av fisk. Regulering av Haugedalsvatnet vil redusere levevilkåra for botnfaunaen som verkar negative inn på tilhøva for fisk.

Haugedalselva og Haugedalsvatnet har arts mangfald i alt vesentleg av virvellausedyr. Det er riktig nok så langt ikkje påvist raudlista artar. Likevel, dei som fins av døgnfluer, steinfluer, vårfluer og fjørmygg er ein viktig del fjelløkosystemet og representerar føde for fugl og fisk, i tillegg til å ha ein verdi i seg sjølv. Ål og elvemusling er ikkje påvist.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med handsaming av tiltaket etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Hauge kraftverk vil gripe om seg i reduksjon av INON-område med tilsaman ca. 13 km².

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt handsaming etter forureiningslova.

Konklusjon

Fylkesmannen vil rå i frå bygging av Hauge kraftverk slik planane ligg føre.

Vi kjem med framlegg til alternativ regulering for å ivareta landskapsopplevinga og å redusere tapet av INON-område. Endringa inneber å flytte vassinntaket i Haugedalselva

lenger ned til øvre del av juvet på høgde og i skjul frå Haugestølen. Vidare gjer vi framlegg om ikkje å regulere Haugedalsvatnet og ikkje overføring av Sætrebekken.

4.3 Prosjekt vi ikkje vil gå i mot

- Røyarhus kraftverk

Kort om søknaden

Røyarhus kraftverk ynskjer å nytte eit fall på 62 meter, inntak 437 moh og kraftstasjonen 375 moh, i Røyarhuselva. Vassvegen vil bli på 970 m og vera nedgraven heile strekninga. Middelvassføringa er på 1960 l/s og maksimal slukeevne på 4000 l/s. Kraftverket vil få ein installert effekt på 2 MW og vil etter planane gje ein årleg produksjon på 6,95 GWh. Utbygginga vil føre til redusert vassføring over ein strekning på om lag 1530 m i Røyarhuselva. Det er planlagt ei minstevassføring på 145 l/s heile året. Til samanlikning er 5-persentilverdiane for sommaren på 884 l/s og på 125 l/s om vinteren.

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring i området 24.09.2015. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 18-21.

Foto Leif Magnus Sættem




Foto 18-21 synfaringsdagen 24.09.2015.

Foto 18) tatt motstrøms frå staden for planlagt vassinntak, 19) tatt medstrøms frå same stad som 1, 20) fosseavsnitt frå midtre del av planlagt regulert strekning og 21) tatt motstrøms frå riksvegbru i område for planlagt kraftstasjon.

Biologisk mangfald, terrestrisk

Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som relativt godt. Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som har gitt konsulentten eit relevant utgangspunkt for konsekvensvurderingane.

I følgje rapporten om biologisk mangfald er det ikkje registrert verdfulle naturtypar som kjem i kontakt med aktuelle regulering. Kryptogramfloraen (sporeplanter, i denne samanhengen moser og karsporeplanter) er stort sett fattig. Raudlisteartar eller andre krevjande planter er ikkje observert.

Planlagt inntak, røyrgate og kraftstasjon ligg nært inntil eksisterande bilveg. Det skal ikkje vere naudsynt med bygging av veg bortsett frå ein kort stikkvei til kraftstasjonen og en kort midlertidig tilkomstveg til inntak. For å knyte kraftstasjonen til eksisterande 22 kV-nettet må ein grava ned ca. 50 m kabel.

Landskap/friluftsliv

Landskapet ved Røyrhus er prega av spreidd busetting med landbruksareal og beiteområde oppetter dalen. Liene er lett skogkledd og går over i snaufjell. Området inneheld for det meste fattig myr, lauvskog og innslag av planta gran.

Aktuelle planar for kraftregulering vil ikkje gripe vesentleg inn i bruken av ettertrakta friluftsområde. Slyngande elvestrekning i dalbotn, Røyrhussetra og vidare oppstraums setra representerer store kvalitetar i friluftssamheng, men ligg lenger opp i dalen i god avstand til planlagt område for kraftregulering. Etablering av reguleringa vil óg ha lite å seie for endra naturoppleving på veg inn i dalen.

Stranda kommune sin plan for vassdrag har klassifisert Røyrhuselva til 5 stjerner. Denne klassifiseringa er knytt til område ovanfor aktuelle tiltak. Iverksetting av planane er såleis vurdert som lite konfliktfylt opp mot vassdragsplana. Arealet av urøyrd natur blir ikkje

reduert, og den biologiske mangfaldsrapporten konkludarer med at tiltaket samla sett har liten negativ konsekvens for verdifullt miljø.

Fisk og vassdragsøkologi

Miljørapporten inneheld eit fagleg grunnlag som gir relevant informasjon opp i mot planane for kraftutbygging. Vi vurderer kunnskapsgrunnlaget som relativt godt.

Det er manglande fokusering på vassvegetasjon som kan vere avhengige av eit fuktig miljø og ei naturleg vassføring i vassdraget. Vidare er faunaen av virvellause dyr ikkje granska. Rapporten om mangfald tek likevel på seg ansvaret ved å vurdere potensialet for sjeldne/raudlisteartar av døgn-, stein-, vårfluger og fjørmygg som dårleg. Alle desse er faunaelementer i den type elveøkosystem det her er snakk om.

Omsøkte planar gjeld vassdragsterreng oppstraums anadrom strekning. I influensområdet finn ein stasjonær aure for det meste av småfallen storleik, men óg einskilde større fisk. Det er ikkje registrert elvemusling på aktuelle elvestrekning.

For å redusere verknaden på biologisk mangfald i og langs elva er det planlagt slipp av minstevassføring gjennom heile året med 145 l/s tilsvarande alminneleg lågvassføring.

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med handsaming etter laks- og innlandsfisklova.

INON (inngrepsfrie naturområde)

Omsøkte kraftverk får ingen konsekvensar for INON-område.

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt handsaming etter forureiningslova.

Konklusjon

Stranda kommune sin plan for vassdrag har klassifisert Røyhuselva til 5 stjerner. Denne klassifiseringa er knytt til område ovanfor aktuelle tiltak. Omsøkte planar er såleis vurdert som lite konfliktfylte opp imot Stranda kommune si vassdragsplan. Arealet av urøyrd natur blir ikkje redusert. Den biologiske mangfaldsrapporten konkluderer med at tiltaket samla sett har liten negativ konsekvens for verdfullt naturmiljø.

Fylkesmannen vil ikkje gå i mot utbygging av Røyhus kraftverk.